



postmottak justis- og beredskapsdepartement

Dato: 06.12.2023

Dokumentnummer: 23/3877-3

Dykkar referanse:

Saksbehandlar: Hilde Selland Winterthun

Uttale fra Etne kommune til høyringa; "Forslag til midlertidig endring i utlendingsloven"

Viser til telefonsamtale med Thomas Rolstad, der det er avtala at Etne kommune kan sende inn høyringsvar på e-post til Justis- og beredskapsdepartementet.

F- 073/23 Vedtak: 5 mot 2 røyster

Høyringsuttale frå Etne kommune

1. Etne kommune er samd med Justis- og beredskapsdepartementet sitt forslag til mellombels endring i utlendingslova.

2. Me er glad for at departementet understrekar at den midlertidige beredskaps-heimelen som vert foreslått, berre skal kunne takast i bruk når andre beredskapstiltak for å skaffe naudsynt innkvarteringskapasitet ikkje lenger strekk til. I dei situasjonane er me også samde i at det er Statsforvaltaren og ikkje UDI som står for vedtaket, då Statsforvaltaren vil ha betre lokalkunnskap og kjenne kommunane betre.

3. Tenester som kommunane vert ansvarlege for ved eit slikt pålegg er ofte svært dyre og vanskelege å skaffe. Det er derfor eit absolutt krav at kommunane før situasjonen oppstår kan vere trygge på å få tenestene fullt kompensert. Utan kompensasjon av faktiske utgifter vil kommunane få store prioriteringskonflikter. Det vil kunne føre til dårlig samarbeid med lokalsamfunna og mistillit både mellom folk og mellom styringsnivå.

Med helsing

Hilde Selland Winterthun
kommunalsjef helse og omsorg

Dokumentet er godkjent elektronisk.

Kopi til:

Thomas Rolstad

